

Austrheim Kommune  
V/ Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

## **Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS - søknad om utviding av areal på Øksneset i Austrheim kommune-Høyring**

Viser til brev angående utviding av antall ringar på oppdrett i Børildosen. Slik anlegget ligg i dag er det til liten hinder for ferdsel i området. Men det er klart til ulempe for det fiske som historisk har vore dreve i området øst for Økseskjæra og Djupfluskjæra. Ei utviding med fire ringar norover vil i liten grad endra på dette. Utviding sørover mot Seisnappen vil gje eit klart snevrare fartsområde øst/vest frå Øksnes/Øyane mot Åråsvågen og indre farlei Kilstraumen og Bakkastraumen. Her er det stor trafikk av småbåtar særleg sommarhalvåret. Ei begrensing på denne farleia vil gripa inn i tankane om den ytre delen av kommunen som rekreasjons område. I tillegg vil utviding sørover gjere fiskeplassane i området Øksa og austover til Seisnappane unyttbare. Her er det tradisjonelt nytta til garn og teinefiske. Meiner at utvidinga sørover ikkje bør tillatast.

Med helsing

Reidar Øksnes  
Øksnesvegen 233  
5943 Austrheim